

Lovande start for ny kafe

04.05.2013



**Den nye kafeen på Brekkeskroa vart opna i føremiddag og det var ein lovande start på alle måtar. Noko av det viktigaste var at maten var velsmakande men også interiør og utforming må få høge terningkast. Kafelokalet er innbydande og stilig (under). Det minnar om slike lokal som vi minnast frå 1950-talet og ein av seniorane ytra at det berre er jukeboxen som manglar.**

Både naboar og andre kom med blomar og først ute var Kjell Yri (over). Mellom bukkettane fann ein også ein frå Uskedal Utvikling. Det var gratis kake og kaffi til alle som kom.

Jurgita opplyskar at kafeen vil halda ope frå klokka 11 til 22.

Ellers har uskedalen.no fått bekrefte at det var kafe i dette huset også ei tid på 1950-talet.

Det var Hally Myklebust født Blokhus og ei venninne som starta og dreiv han.

Hally var gift med Arne

B. Myklebust som var murar og bygde huset.

Tekst og Foto: Ola Matti Mathisen

